

Gjer om to setningar til éi

Jobb saman to og to.

Gjer om dei to setningane til ei heilsetning. De kan leggje til så mange ord de vil, og de kan ta bort ord de ikkje treng, men prøv å ikkje forandre betydninga.

a) Magnus går på fotballskule. Fotballskulen ligg i nabobyen.

b) Draken går til åtak på Mattis og Jonatan. Draken sprutar eld mot Mattis og Jonatan.

c) Kari skal ha med seg katten på skulen. Katten ligg i gangen.

d) Guten sprang gjennom skogen. Guten heiter Fred.

e) Elvira bur i ei hytte. Hytta ligg ved sjøen.

f) Melinda jobbar i ein barnehage. I barnehagen er det 20 barn.

g) Elevane spelte kanonball i gymtimen. Alle likte kanonball.

h) Ragnar liker å spele spel. Favorittspelet er yatzy.
